



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anniken Friis, 5557 2323

Vår dato  
04.06.2014  
Dykkar dato  
26.03.2014

Vår referanse  
2014/4401 561  
Dykkar referanse  
14/672

NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

### **Merknad til melding og utgreiingsprogram for Fjellhaugen kraftverk i Etne og Kvinnherad kommunar**

-----  
**Planlegginga må fange opp nytt, tilgjengeleg materiale for naturmangfald og friluftsliv. For å få grunnlag for å vurdere samla belastning bør det vere krav om å lage oversyn over alle større inngrep i Søre Folgefonområdet, inkludert kart over urørte vassdrag. NVE og Miljødirektoratet bør og vurdere å ta inn aktuelle punkt for framtidig revisjon av vassdragskonsesjonane i Blådalen.**  
-----

Fylkesmannen har motteke melding og forslag til utgreiingsprogram for bygging av Fjellhaugen kraftverk i Blådalsvassdraget. Sunnhordland kraftlag (SKL) presenterte planane for Fylkesmannen i møte 31. mars 2014.

Fylkesmannen har i brev 2. juni 2014 tilrådd fritak frå Samla plan for prosjektet.

Blådalsvassdraget er sterkt påverka gjennom tidlegare utbygging. Vassdraget har 9 reguleringsmagasin og 5 kraftverk, samt ei rekkje tunnellar og interne overføringar i tillegg til overføringar frå nabovassdrag.

SKL ønskjer no byggje ny tunnell og kraftverk mellom Midtbotnvatn og Fjellhaugen for å sikre betre balanse mellom produksjonskapasiteten i eksisterande kraftverk. Ein vil flytte meir produksjon frå sommar til vinter. Utbygginga vil føre til at vatnet som i dag vert produsert via Blådalsvatn i staden skal nyttast i ny Fjellhaugen kraftverk. Den nye tilløpstunnellen vil få fire inntak: Krokavatn, Kvanngrodhorga, Verahaugen (nye bekkeinntak) og Sandvatn (frå eksisterande inntak). Utbygginga vil gi auke i netto årsproduksjon på om lag 70 GWh.

Fylkesmannen vurderer tiltaket som ein kombinasjon av ny utbygging og O/U-prosjekt.

### **Verknader av tiltaket og merknad til foreslått KU-program**

Planlagt utbygging vil føre til ytterlegare inngrep i til dels sårbare høgfjellsområde med verdi, for friluftsliv og landskap. Vassdraga nedstrøms inntaka vil bli berørt, sjølv om det vil vert

sett krav til minstevassføring. Utbygginga vil gi eit masseoverskot på 820 000 m<sup>3</sup> stein, som skal leggjast i tre ulike deponiområder nær tverrslaga.

Utbygginga vil føre til tap av INON-område sone 2 på om lag 2,5 km<sup>2</sup> ved Krokavatn, eit INON-område som har verdi fordi det femner om område frå fjord til fjell, jf. både nasjonale og regionale retningslinjer for småkraftverk.

Forslag til utgreiingsprogram er basert på krav slik det framgår av NVE rettleiar nr 3/2010 om konsesjonshandsaming av vasskraftsaker. Miljødirektoratet arbeider med nye versjonar av fleire sentrale handbøker som er referert i NVE-rettleiaren. NVE-rettleiaren vil difor vil trenge snarleg oppdatering, ikkje minst kapitla om naturmiljø og naturens mangfald og friluftsliv. Det er til dømes utarbeidd raudliste for naturtyper<sup>1</sup>.

På denne bakgrunn vil Fylkesmannen peike på at arbeide med konsekvensutgreiinga må fange opp tilgjengeleg, nytt materiale om naturmangfald. Vidare vil vi vise til revidert rettleiar<sup>2</sup> for kartlegging og verdsetting av friluftsområde. Metodikken i denne bør danne grunnlaget for arbeidet med å få oversikt over friluftinteressene i Blådalen med tilliggjande fjellområde.

Den omfattande utbygginga i Blådalsområdet gjer at samla belastning er eit viktig tema. I foreslått utgreiingsprogram står det mellom anna:

«Det skal gjevast ei oversikt over eksisterande og planlagte inngrep innanfor eit geografiske område - som går ut over influensområdet. Ein vil vurdere den samla belastninga for tema som ein reknar med vil vera konfliktfylte.»

Denne formuleringa gjer at det er opp til tiltakshavar å definere det geografiske området og kva som er konfliktfylt, til dømes ut frå landskap, friluftsliv og opplevingsverdi.

Heile Blådalen og store deler av nordsida av Åkrafjorden er i dag innafør influensområdet for eksisterande utbyggingar. I arbeidet med konsekvensutgreiing for Fjellhaugen kraftverk bør ein gå ut over dette området. Fylkesmannen meiner det er trong for å få eit samla oversyn over eksisterande og planlagte inngrep i søre del av Folgefonna mellom Odda – Åkrafjorden – Husnes – Rosendal, der alle kraftanlegg, kraftliner, vegar mm vert inkludert. Det hadde og vore nyttig med eit kart som viser vassdrag som *ikkje* er eller er eller vil bli berørt av inngrep. Fylkesmannen foreslår difor at krav om å utarbeide kart over urørte vassdrag og samla oversyn over alle aktuelle inngrep i Søre Folgefonområdet inngår som del av utgreiingsprogrammet om Samla belastning.

Utarbeiding av denne type informasjon vil gjere det lettare å fastsette konfliktnivået ved ny utbygging. Det vil slik vere til støtte når ein skal vurdere tiltaket ut frå naturmangfaldlova i konsesjonsspørsmålet.

### **Tilhøvet til revisjon av eksisterande konsesjonar**

NVE og Miljødirektoratet har i felles rapport om revisjon av vasskraftkonsesjonar prioritert Blådalsvassdraget i klasse 1.1. Når det no skal utarbeidast konsekvensutgreiing og gjerast nye undersøkingar i vassdraget kan det vere formålstenleg å samtidig nytte høvet til å skaffe

---

<sup>1</sup> [Norsk Raudliste for naturtyper 2011](#)

<sup>2</sup> [Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder: Miljødirektoratet Veileder M98 - 2013](#)

nødvendig data for eit framtidig revisjonsprosjekt. Vi ber difor direktorata vurdere aktuell samordning ut frå gjeldande retningsliner for revisjon av konsesjonsvilkår.

Med helsing

Kjell Kvingedal e.f.  
miljøvernsjef

Anniken Friis  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen
Etne kommune	Postboks 54	5591	ETNE
Sunnhordland Kraftlag	Postboks 24	5401	STORD
Kvinnherad kommune	Rådhuset	5470	Rosendal
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM